

Møtebok

Fylkesårsmøtet i Hordaland Venstre

Quality Hotel Edvard Grieg, Bergen

8. og 9. februar 2014



HORDALAND
venstre

Innhald:

- ÅM-1. Opning
- ÅM-2. Godkjenning av innkalling og sakliste
- ÅM-3. Godkjenning av program, namneoppnop
- ÅM-4. Godkjenning av forretningsorden
- ÅM-5. Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd, referentar, teljekorps og to personar til å skriva under årsmøteprotokoll
- ÅM-6. Generell politisk debatt
- ÅM-7. Årsmelding og rekneskap
- ÅM-8. Val av Fylkesstyre og revisorar
- ÅM-9. Vedtektsendringar
- ÅM-10. Fråsegner
- ÅM-11. Organisasjonsdebatt
 - Valkampevaluering
 - Vedtak av Handlingsplan 2014 - 15
 - Program- og nominasjonsprosessen – fylkestingsvalet 2015
- ÅM-12. Vedtak av kontingent 2015
- ÅM-13. Vedtak av budsjett 2014
- ÅM-14. Val av
 - Nominasjonsnemnd
 - Landsmøteutsendingar

ÅM-1

Opning

Helsing frå Bergen Venstre ved leiar Stian Skår Ludvigsen

Kulturelt innslag

Opning ved leiar i Hordaland Venstre, Rolf Nesheim

Namneoppnop – Deltakarliste er sendt ut som eige dokument

Fylkesstyret sitt framlegg til

Sakliste

for fylkesårsmøtet i Hordaland Venstre 8. og 9. februar 2014

- ÅM-1. Opning
- ÅM-2. Godkjenning av innkalling og sakliste
- ÅM-3. Godkjenning av program, namneopprop
- ÅM-4. Godkjenning av forretningsorden
- ÅM-5. Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd, referentar, teljekorps og to personar til å skriva under årsmøteprotokollen
- ÅM-6. Generell politisk debatt
- ÅM-7. Årsmelding og rekneskap
- ÅM-8. Val av
Fylkesstyre og revisorar
- ÅM-9. Vedtektsendringar
- ÅM-10. Fråsegner
- ÅM-11. Organisasjonsdebatt
 - Valkampevaluering
 - Vedtak av Handlingsplan 2014 - 15
 - Program- og nominasjonsprosessen – fylkestingsvalet 2015
- ÅM-12. Vedtak av kontingent 2015
- ÅM-13. Vedtak av budsjett 2014
- ÅM-14. Val av
Nominasjonsnemnd
Landsmøteutsendingar

Fylkestyret sitt framlegg til

Program for fylkesårsmøtet i Hordaland Venstre 8. - 9. februar 2014

LAURDAG:

- kl. 10:00 Frammøte – registrering. Kaffi/frukt/kaffimat.
- kl. 11:00** Helsing frå Bergen Venstre
Kulturelt innslag – *Folkene i bakgrunnen*
Opning ved leiar i Hordaland Venstre, Rolf Nesheim
Namneopprop
Godkjenning av innkalling, sakliste, program og forretningsorden
Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd, referentar, teljekorps og to personar til å skrive under protokollen.
- kl. 11:30 Årsmelding og rekneskap 2013
Orientering om innkomne fråsegner
Vedtak av antal fråsegner
Orientering om tema for årsmøtet.
- kl. 12:15 Innleiing til generell politisk debatt ved stortingsrepresentant Terje Breivik
Årsmøte-tema: Menneskerettar
Innleiing ved Iver Ørstavik, Raftostiftelsen
- kl. 13:00 Lunsj (buffet)
- kl. 14:00 Generell politisk debatt
- kl. 16:00 Kaffipause
- kl. 16:30 Politiske fråsegner
- kl. 17:15 Vedtektsendringar
- kl. 17:45 Val av fylkestyre og revisorar.
- kl. 18:30 Slutt for dagen
- kl. 20:00 Festmiddag – *Festtalar: Anders Nyland*

SUNDAG:

- kl. **09:20** Kulturelt innslag - *Tamilsk fløyteforening*
- kl. 09:30 **Årsmøte-tema: Kommunestruktur/lokaldemokrati**
Innleiing ved Terje Breivik
Debatt
- kl. 10:45 Politiske fråsegner
- kl. 11:15 Organisasjonsdebatt
- Valkampevaluering.
- Kontingent 2015 og budsjett 2014.
- Vedtak av Handlingsplan 2014 – 15
- Program- og nominasjonsprosess foran fylkestingsvalet
- kl. 12:30 Lunsj (buffet)
- kl. 13:15 Val av nominasjonsnemnd. Val av landsmøteutsendingar.
- kl. 14:15 Politiske fråsegner
- kl. 15:00 Slutt

Fylkesstyrets framlegg til
Forretningsorden
for fylkesårsmøtet 8. og 9. februar 2014

Om den generelle avviklinga av debatten:

1. Fylkesårsmøtet vert leia av to møtedirigentar som vert valde ved konstitueringa av møtet. Møtedirigentane må sjå til at dei oppsette rammene for debatten vert haldne. Dei kan difor avgjere om avgrensa taletid skal innførast og gjere framlegg om når ”strek” skal setjast. Framlegg som til dømes avgrensing i taletida eller å setja ”strek” for talarlista, kan setjast under votering dersom møtedirigentane gir si tilslutning til dette.
2. Møtedelegatar med røysterett melder seg på talarlista ved å visa nummerskilt tydeleg. Møtedirigenten gir ordet til dei som ber om det i rekkefølge. Talarane rettar sine innlegg til møtedirigent. Alle innlegg *skal* koma frå talarstolen.
3. Møtedirigentane kan tillata inntil to replikkar til kvart debattinnlegg med følgjande svarreplikk. Ein replikk kan vera maksimum 1 minutt lang. Den skal vera retta til det føregåande debattinnlegget. Delegatar teiknar seg til replikk ved å vise nummerskilt tydeleg saman med grønt ark. Møtedirigent gir replikk til dei som først ber om det.
4. Møtedirigentane gjer framlegg om prosedyre for eigenpresentasjon og støttetalarar før personval.

Om framlegg:

1. Endringsframlegg skal leverast skriftleg til møtedirigentane.
2. Alle endringsframlegg skal leverast på eige skjema for endringsframlegg eller elektronisk.
3. Fylkesårsmøtet kan fastsetja frist for innlevering av framlegg til fråsegn.

Om votering:

1. Møtedirigent gjer framlegg om voteringsorden, og fylkesårsmøtet fastset denne før kvar votering når det gjeld saker der vedtektene ikkje fastset voteringsprosedyre. Endringsframlegg skal settast opp mot innstillingane, og dei som støttar endringsframlegga skal visa dette ved røysteteikn.
2. Når fleire alternative framlegg ligg føre, skal det først voterast over det mest ytterleggående, og til slutt alternativ votering mellom de to siste framlegga, så langt ingen krev separat votering.

Valprosedyre ved skriftleg val der berre ein skal veljast:

1. Den er vald som oppnår fleire enn halvparten av dei røystene som er gitt. Blank røystesetel vert rekna som gitt stemme.
2. Dersom ingen kandidat i første valomgong oppnår fleire enn halvparten av dei gitte røystene, skal det haldast omval. Er det fleire enn to kandidatar, fell kandidaten med færrest røyster ut i kvar valomgong, inntil ein kandidat oppnår fleire enn halvparten av røystene. Dersom to eller fleire kandidatar oppnår det same tal færreste røyster i same valomgong, vert det loddtrekking om kven av kandidatane som fell ut.
3. Når to kandidatar står att, er den vald som har fått flest røyster.
4. Dersom det etter omval etter punkt 2, framleis er likt røysteetal, vert rangeringa avgjort ved loddtrekking.

Konstituering

Fylkesårsmøtet 2014

Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd, referentar, teljekorps og to personar til å skrive under protokollen.

Fylkesstyret si innstilling til:

Møtedirigentar:

Mona Haugland Hellesnes, Stian Skår Ludvigsen, Erlend Horn, Pia Kleppe Marken (laurdag), Geir Angeltveit og Astrid Knutsen Hårstad

Fullmaktsnemnd:

Elizabeth Toft Erichsen (leiar), Grete Line Simonsen og Arild Raftevoll

Redaksjonsnemnd for fråsegner:

Beate Eknes (leiar), Frode Hervik og Bjørnar Hamre

HUV utpeker selv

HVKL utpeker selv

Sekretær: Sindre A. Horn

Referentar:

Laurdag: Hanne Kvilhaugsvik og Martin Frøyland

Søndag: Mikael Christensen og Silje H. Lund

Teljekorps:

Anne-Beth Njærheim, Torstein Stråtveit og Merethe Gauden

Skrive under årsmøteprotokoll:

Julia Kristoffersen og Jostein Osnes

Generell politisk debatt

Storingsrepresentant Terje Breivik innleiar til debatt i 20 min.

Deretter følgjer ei innleiing om menneskerettar - ekstern innleiar 20 min

Når sjølve debatten startar etter lunsj får desse ordet først:

Fylkesleiar Rolf Nesheim - 10 min

Fylkestingsgruppa, Mona H. Hellesnes - 5 min

Leiar av Hordaland Unge Venstre, Kevin Johnsen - 5 min

Leiar av Hordaland Venstrekvinnelag, Kari Østervold Toft - 5 min

Årsmelding for Hordaland Venstre 2013

1. FYLKESÅRSMØTET

Fylkesårs møtet vart halde på Park Hotel Vossevangen, Voss 9. og 10. februar 2013. Det møtte 102 utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret, Unge Venstre og Venstrekvinnelaget. I tillegg møtte fylkessekretær Gro Gjelsvik og tre observatørar frå Voss Venstre.

Desse sakene var oppe:

- årsmelding, rekneskap, kontingent, budsjett
- politisk innleiing ved nestleiar i Venstre og stortingskandidat Terje Breivik
- politisk debatt
- handsaming av utkast til stortingsvalprogram
- fråsegner
- vedtak av valkampplan
- vedtektsendringar
- handsaming av ordninga med sekretariatstilskot
- suppleringsval til fylkesstyret
- val av valnemnd og landsmøteutsendingar

2. FYLKESSTYRET

Fylkesstyret har sidan årsmøtet hatt følgjande samansetting:

Leiar:	Rolf Nesheim	Lindås
1. nestleiar:	Sverre Kleivkås	Ullensvang
2. nestleiar:	Pia Kleppe Marken	Sund
Styremedlem:	Erlend Horn	Bergen
	(Hadde permisjon i perioden 1. desember -12 – 1. juni 13)	
Styremedlem:	Geir Angeltveit	Stord
Styremedlem:	Bjørnar Hamre	Bergen
Styremedlem:	Beate Eknes	Meland
1. varamedlem:	Frode Hervik	Radøy
2. varamedlem:	Marit H. Leirheim	Askøy
3. varamedlem:	Anne Kjos Veim	Bergen (utmeldt 28. november)
4. varamedlem:	Knut Olav Nestås	Voss
5. varamedlem:	Ingebjørg Winjum	Granvin

I følgje vedtektene skal det ved val av fylkesstyre veljast sju varamedlemmer.

På årsmøtet vart det vedteke å ikkje supplere varalista dette året sjølv om 1. vara rykte opp. Terje Hatvik, Os var opprinneleg siste vara, men trakk seg umiddelbart etter årsmøtet.

For Hordaland Unge Venstre møtte Kevin Johnsen (Andreas Dørum og Martin Frøyland eit møte kvar)

For Hordaland Venstrekvinnelag møtte Siw Bergesen (Birgitte Hjertaas eit møte).

Gro Gjelsvik har som sekretær delteke på styremøta.

Gruppeleiar i fylkestingsgruppa, Mona Hellesnes, har vore kalla inn til styremøta. Dialogen med fylkestingsgruppa har vore god.

Etter stortingsvalet har stortingsrepresentant Terje Breivik vore kalla inn.

Fylkesstyret har i 2013 hatt 10 ordinære styremøte. Styret har handsama 68 saker. Frammøtet til styremøta har stort sett vore bra.

Fylkesstyret har delt fylket inn i følgjande regionar, med følgjande regionfadrar:
Sunnhordland – Geir Angeltveit, Nordhordland – Beate Eknes, Region Vest – Pia Kleppe
Marken, Hardanger/Voss – Sverre Kleivkås, Bergen – Erlend Horn/Bjørnar Hamre og
omegnskommunane til Bergen – Rolf Nesheim.

3. **UTVAL**

VALNEMND:

Leiar:	Synnøve Handeland	Kvinnherad
Medlem:	Arild Raftevoll	Askøy - attval
Medlem:	Lars Barstad*	Meland
Medlem:	Per-Arne Larsen	Bergen
Medlem:	Margit Aga Jordal	Odda
Medlem:	Anders Rykke	Hordaland Unge Venstre
Medlem:	Siw Bergesen	Hordaland Venstrekvinnelag

*Lars Barstad var opprinnelig personleg vara for Aashild Halland, Lindås, men Halland har ikke kunnet møte på noen av møtene og Barstad har møtt fast.

Personlege varamedlemmer:

Anne Riise Hatlevik	Bømlo
Tore Rykkel	Os
(Aashild Halland*)	Lindås)
Stian Skår Ludvigsen	Bergen
Jorunn Ytrefjord	Voss
Personleg vara HUV	
Personleg vara HVKL	

INTERNREVISORAR:

Kari Østervold Toft	Sund
Siri K. Hamre	Bergen

VALKAMPUTVAL:

Fylkesstyret sette ned eit valkamputval i 2012 og utvalet hadde sitt første møte i desember:

Rolf Nesheim	Lindås
Sverre Kleivkås	Ullensvang
Terje Breivik	Ulvik
Åsta Årøen	Bergen
Mathias Fischer	Bergen
Anne-Beth Njærheim	Bømlo
Stian Skår Ludvigsen	Bergen

Sekretær: Fylkessekretær Gro Gjelsvik

4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS

Venstre har nå lokallag i 26 (av 33) kommunar i Hordaland.
Vaksdal Venstre vart skipa i 2011, men har ikkje fungert sidan.
I Samnanger har vi ikkje lokallag, men kontaktperson.
I Øygarden har vi 3 medlemmer, i Jondal 3 medlemmer og på Fedje 1 medlem.
Her treng vi kontaktpersonar.
I Fitjar og Modalen er det per i dag ingen medlemmer.

Betalande medlemmer:

2003	539	betalande medlemmer
2004	521	betalande medlemmer
2005	540	betalande medlemmer
2006	575	betalande medlemmer
2007	613	betalande medlemmer
2008	650	betalande medlemmer
2009	819	betalande medlemmer
2010	838	betalande medlemmer
2011	952	betalande medlemmer
2012	973	betalande medlemmer
2013	850	betalande medlemmer

I medlemsregisteret var det registrert 1179 personar pr 31.12.13

5. FRÅSEGNAR

Fylkesårsmøtet 2013 vedtok desse fråsegnene:

1. Reduksjon i arbeidsgjevaravgifta gir fleire arbeidsplassar
2. Regjeringa må seie nei til radioaktivt utslepp i Fensfjorden
3. Hordaland Venstre vil ha midtre trasé for E39
4. Det digitale mennesket

Fylkesstyret vedtok i løpet av året desse fråsegnene:

1. Forkorting av Bergensbanen - bygg Ringeriksbanen nå! (mars)
2. Utilstrekkeleg finansiering av Samhandlingsreforma! (mars)
3. Hordaland Venstre ønsker 250 ladeplassar i løpet av 2015 (desember)

6. MØTER/KONFERANSAR

Hordaland Venstre har arrangert:

- | | |
|------------------|---|
| 9. – 10. februar | Fylkesårsmøte på Voss |
| 4. – 5. mai | Lokalpolitisk nettverkssamling i Bergen. 25 deltok.
Valgkampskolering og – motivering. Dei tre toppkandidatane innleidde. Terje Knutsen frå UiB innleidde om veljarframferd. |
| 4. april | Ope folkemøte på Stord om helsepolitikk i Sunnhordland og Hardanger (medarrangør) |

- | | |
|--------------------|---|
| 6. april | Delegasjonsmøte foran Landsmøtet |
| 16. august | Valkampfest i Bergen |
| 9. september | Valvake på Harbour Bar i Bergen |
| 9. -10. november | Fylkessamling i Bergen. 24 deltok.
Terje Breivik innleidde om Venstres nye rolle, generalsekretær Trond Enger innleidde om organisasjonsbygging og listestilling, og Rune Heradstveit frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS innleidde om kommunestruktur og -samanslåing. |
| 22. – 23. november | Venstreskulen trinn 2 med Rebekka Borsch, sammen med Bergen V |

På Venstres Landskonferanse 19. – 20. oktober i Oslo deltok minst 18 medlemmer frå Hordaland.

7. ANDRE SAMARBEIDSORGAN

Hordaland Unge Venstre	sjå eiga årsmelding
Venstres Fylkestingsgruppe	sjå eiga årsmelding
Hordaland Venstrekvinnelag	sjå eiga årsmelding

8. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING

Etter valet i september vart Terje Breivik (Ulvik), Venstre sin representant frå Hordaland på Stortinget. Han deltok i regjeringssonderingane etter valet og fekk plass i Finanskomiteen.

9. REPRESENTASJON I HORDALAND FYLKESTING

Mona Haugland Hellesnes (gruppeleiar)	Fylkesvaraordførar, Fylkesutvalet, Administrasjonsutvalet (leiar)
Alf Helge Greaker	Samferdselsutvalet (nestleiar)
Anne-Beth Njærheim	Kultur- og ressursutvalet (leiar)
Bjørnar Hamre	Opplærings- og helseutvalet
<i>(Hamre i permisjon til 1. november. Rolf Nesheim og Grete Line Simonsen har møtt for ham i fylkestinget og Grete Line Simonsen har møtt som vara i Opplærings- og helseutvalet)</i>	

Vararepresentantar:

Rolf Nesheim
Grete Line Simonsen
Tore Turøy
Synnøve Handeland
Bjørn Magne Hufthammer
Synnøve Kvamme
Torstein Hatlevik

10. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN

HOVUDORGANISASJON

Sentralstyret:

Terje Breivik har vore nestleiar og Åsta Årøen har møtt som leiar i Norges Venstrekvinnelag.

Landsstyret: Rolf Nesheim (Sverre Kleivkås eit møte)

Terje Breivik var leiar av Internasjonalt utval.

Harald Hove har sete i Internasjonalt utval.

Rolf Nesheim og Åsta Årøen var med i Stortingsvalprogramkomitéen.

11. LANDSMØTET

På Venstre sitt landsmøte på Quality Expo Hotel på Fornebu 12. – 14. april deltok desse frå Hordaland:

Fylkesleiar Rolf Nesheim, Sverre Kleivkås, Pia Kleppe Marken, Stian Skår Ludvigsen, Tallak Rundholt, Alf Helge Greaker, Kevin Johnsen, Jørgen Aas, Siw Bergesen, Mathias Fischer, Ingebjørg Winjum, Lars Barstad, Geir Kjell Andersland, Arild Raftvoll, Anne-Beth Njærheim, Geir Angeltveit, Knut Olav Nestås, Anne Marit Buer, Idun Bortne og Harald Hove

For sentralstyret: Terje Breivik og Åsta Årøen

I tillegg deltok Runar B. Mæland, Hanne Kvilhaugsvik, Eirik Brautaseth, Sunniva Eide og Njaal Neckelmann som delegatar for Norges Unge Venstre.

12. HORDALAND VENSTRE SIN MILJØPRIS

Hordaland Venstre sin årlege miljøpris vart i 2013 delt ut til *Besteforeldrenes klimaaksjon*. Dei fekk prisen for at dei set fokus på dagens klimautfordringar og engasjerer folk til å ta ansvar for miljøet for kommande generasjonar.

Prisen, som var eit diplom, blomer og eit støttebidrag på 1000 kroner, vart overrekt av ungdomskandidat Mathias Fischer på Miljødagen 5. juni på Torgallmenningen.

13. VALKAMP OG VALRESULTAT

I Hordaland fekk Venstre ei oppslutning på 5,8% ved Stortingsvalet. Dette var ein framgang på 1,2% i forhold til valet i 2009 og 0,6% større oppslutning enn nasjonalt. Venstre fekk dermed ein stortingsrepresentant frå Hordaland – Terje Breivik fra Ulvik.

Sjå eige dokument med evaluering av Stortingsvalkampen 2013.

14. SEKRETARIAT

Gro Gjelsvik har vore sekretær i 60 % stilling dette året. I januar og i den korte valkampen – heile august og fram til valet 9. september - arbeidde ho 100%. Ho har vore sekretær for fylkesstyret og rekneskapsførar i Hordaland Venstre. Bystyregruppa i Bergen kjøper rekneskapstenester.

Astrid Knudsen Hårstad var tilsett som valkampsjef i perioden 5. april – 10. september. Mathias Fischer var tilsett som gruppesekretær for fylkestingsgruppa i 25% stilling fram til valet. Elizabeth Toft Erichsen vart tilsett som ny gruppesekretær for fylkestingsgruppa i 40% stilling frå 14. oktober.

15. ØKONOMI

Rolf Nesheim har vore økonomiansvarleg og Gro Gjelsvik har vore rekneskapsførar. Resultatet for 2013 vart eit underskot på 145 570, 83 kr.

Dette er som vedteke i budsjettet dekt inn av det oppsparte valkampfondet - avsette mildar frå overskot i 2011 og 2012 og private bidrag frå perioden 2010-12. På budsjettet for 2013 var det avsett 140 000 kr til valkampen.

Det vart i 2010 satt i gong ei innsamling til valkampfondet for stortingsvalkampen 2013. Fondet har berre hatt nokre få faste gjevarar. Totalt kom det inn 9130 kr på denne måten før 2013. I valåret 2013 kom det inn 49571 kroner i bidrag frå private gjevarar og firma. Dette inkluderer Venstrevenn-ordninga som vart oppretta i våren 2013.

Rett før valet vart det teke opp eit lån på 50000 kr frå Venstres Hovedorganisasjon i den tro at det skulle omgjerast til tilskot i ettertid.

I tillegg viser vi til gjennomgang av rekneskapen og revisjonsmerknadene.

16. HANDLINGSPLANEN

Fylkesårsmøtet i 2012 vedtok Handlingsplan for 2012 og 2013.

Handlingsplanen er i 2013 følgt opp slik:

Mykje arbeid er lagt ned av mange i dette viktige valåret der målet var å bli representert på Stortinget att etter valet. I handlingsplanen var utgangspunktet at valresultatet ville avhenge mykje av aktiviteten i lokallaga, og i styret var ein difor opptekne av å stimulere til at lokallaga fekk aktivt eigarskap til Stortingsvalkampen.

Venstres Hovedorganisasjon har dei sista åra jobba hardt for at lokalpolitisk nettverk skal vere den viktigaste møteplassen for skulering, debatt og nettverksbygging i organisasjonen. Spesielt for dei folkevalde er det viktig å ha eit slikt forum. Fylkestyret har difor prøvd å bidra til at desse samlingane vert satsa på både med ressursar, godt program og aktiv markedsføring. Ei lokalpolitisk nettverkssamling vart arrangert i Bergen i mai med valskulering og – motivasjon som tema, og i november vart det arrangert ei fylkessamling der ein evaluerte valkampen, snakka om organiasjonsbygging framover og debatterte det aktuelle temaet kommunestruktur- og samanslåing. Det er gjeve økonomisk tilskot til alle deltakarar på samlingane.

For å styrkje den politiske aktiviteten i lokallaga og motivere til innsats i valkampen har dei tre toppkandidatane på stortingslista vitja mange lokallag og alle regionane i månadene før valet. Det vart arrangert fleire medlemsmøter rundt om i fylket der kandidatane fekk presentere seg og debattere politikk. Fleire lokallag har sjølve etablert gode samarbeidsforhold til kringliggande lag.

Hordaland Venstre deltok i Venstres store miljøkampanje våren 2013. Kampanjen ble koordinert av nestleder Pia K. Marken og inneholdt flere forskjellige aktiviteter. Det første var vedtaket av en miljøuttalelsen "Regjeringa må seie nei til radioaktivt utslipp i Fensfjorden" på fylkesårsmøtet. Deretter var det aksjoner. 3. april var det felles aksjonsdag med temaet "Takk for at du reiser kollektivt". Flere lokallag markerte dette rundt om i fylket med rushtidsaksjoner på buss og bane. Siste uken før miljødagen 5. juni var den andre og avsluttende aksjonen. Da stod nærmiljø på plakaten.

Alle toppkandidatene var med på kampanjen og de fleste av de øvrige listekandidatene bidro

også aktivt. I tillegg sendte kandidater og lokallag leserinnlegg og kronikker i flere viktige miljø saker til flere aviser i fylket.

Toppkandidatene fullførte også en besøksrunde til viktige miljøbedrifter og -organisasjoner i fylket. Miljøkampanjen ble avsluttet 5. juni med markering i Bergen sentrum og utdeling av Hordaland Venstres miljøpris.

Valkamputvalet var godt etablert ved inngangen til året og jobba jevnt og trutt fram mot sumaren. I tillegg til alle dei organisatoriske tinga jobba dei kontinuering med ei plan for medieutspel frå kandidatene på fleire utvalgte tema og rundt om i fylket. Og aldri før har vel interessen for Venstre vore større hjå journalistar og aldri har Venstre hatt så mange gode medieutspel regionalt og lokalt som vi fekk i denne valkampen!

Eit tett samarbeid med Hordaland Unge Venstre har som vanleg vore naturleg og særskilt viktig for Hordaland Venstre. Unge Venstre er både viktig for rekrutteringa til Venstre og legg ned mykje arbeid i alle valkampar.

Det har vore eit mål å kontinuereleg vidareutvikle heimesidene til Hordaland Venstre, og lokallaga har vore oppfordra til å kome på nett og oppdatere eigne nettsider. Her er det framleis eit stort potensiale for forbetring. Berre nokre få lokallag har oppdatert heimesidene sine regelmessig i året som gjekk. Dette må kome meir i fokus fram mot lokalvalet!

Fylkesstyret har hatt eit ønske om at Venstreskulen trinn 1 skal haldast regelmessig rundt om i dei enkelte lokallag eller i samarbeid regionvis. Her er det eit klart potensiale for forbetring sidan berre Bergen Venstre har hatt rutine for dette.

Venstreskulen trinn 2 vart arrangert saman med Bergen Venstre i november. Rebekka Borsch var innleiar frå VHO. Hordaland Venstre har bedt om ei revidering og fornying av innhaldet i Venstreskulen trinn 1 og 2 og VHO er på saka.

Etter ein fullstendig gjennomgang av ordninga med sekretariatstilskot i 2012, vart saka handsama på fylkesårsmøtet i 2013.

Blant dei tinga som kunne vore følgt betre opp i 2013 er mellom anna det at ei barnepassordning kunne vore markedsført i invitasjonen til fylkessamlingane/LPN og at ein må arbeide for å nå innvandrergrupper i Hordaland gjennom kommunikasjonstrategi og aktiviteter. Vidare kan fylkesstyret heilt klart gjere meir ut av regionfadderordninga i styret.

Kontaktflata mellom fylkestingsgruppa, bystyregruppa i Bergen og fylkesstyret har heile tida vore bra, men kan alltid bli betre, og alle folkevalde i Hordaland kunne vore betre knytta saman i ulike nettverk.

Det har ikkje vore starta nokon nye lokallag i Hordaland dette året, men det ligg eit potensiale der i fleire kommunar.

Regelmessige meldingar til medlemmene med informasjon om viktige møter, valkampaktiviteter og arrangement har vore viktig i valåret. Frå og med mai måned vart det sendt ut eit fast nyhendebrev. Informasjon om fylkestingsgruppa sitt arbeid har òg vore sendt ut ved fleire høve i 2013.

Det har vore eit mål å auke medlemstalet i Hordaland Venstre og auke andelen betalende medlemmer, men medlemstalet auka ikkje nevneverdig i 2013 og antalet betalende medlemmer har gått tilbake. Det siste skuldast dels nye rutinar med det nye medlemsregisteret og dels at ein del har valt å ikkje betala kontingenten.

Med ein representant på Stortinget frå Hordaland og ellers ei mykje større stortingsgruppe, er grunnlaget lagt for å få meir gjennomslag for Venstre sine politiske saker i åra som kommer. Dette kan vere god drahjelp og motivasjon når Venstre skal vekse og bli meir synleg i heile Hordaland fram mot lokalvalet i 2015.

Glesvær, januar 2014

Rolf Nesheim (s)	Sverre Kleivkås (s)	Pia Kleppe Marken (s)
Erlend Horn (s)	Geir Angeltveit (s)	Beate Eknes (s)
Marit Leirheim (s)	Kevin Johnsen (s)	Siw Bergensen (s)

ETTERORD FRÅ LEIAREN

Kan du ta følgende inn i årsmeldingen:

Vi nådde vårt overordna mål for 2013 ved på nytt å verta representert på stortinget. Hardt og målretta arbeid frå toppkandidatane og veldig mange andre i fylket bidrog til at Terje Breivik skal representera Hordaland i inneverande fireårsperiode. At han i tillegg skal vera Venstre sin representant i finanskomiteen skapar spanande muligheter for vårt fylke, og for partiet.

Valresultatet var positivt for Venstre både på fylkesplan, og nasjonalt. Samtidig kan ein lesa nokre signal som partiet må ta på alvor. Framgangen var tydelegast i bykommunar og på større tettstader, mens den var mindre i dei fleste andre kommunar. Skal Venstre også i framtida vera eit nasjonalt parti må ein gje politiske svar på distriktpolitiske utfordringar som gjer at veljarane oppfattar Venstre som eit nasjonalt parti. Landbrukspolitikken er et sentralt døme i så måte.

Etter 10 år med medlemsvekst vart det tilbakegang i 2013. I Hordaland fekk vi ein særskilt kraftig tilbakegang etter stor framgang året før, og igjen med same tendensen: Mindre tilbakegang i Bergen enn i distriktskommunane samla sett. Å finne forklaringar på dette får forskarane gjera. For eigen del reknar eg med at det har samanheng med at folk oppfattar det slik at Venstre ikkje hindra FRP i å delta i regjeringa, ergo medverka ein til deira regjeringsdeltaking. Frå før veit vi at skepsisen i medlemsmassen er sterkare mot å sleppe FRP inn i regjeringskontora enn blant veljarane våre. Og det har nok ein samanheng med at pådriverrolla i desember i fjor ikke vart ivareteken slik ho vart i 2012.

Hovudutfordringane våre framover vert å dra nytte av Terje sine verv for å oppnå politiske resultat på nasjonalt plan, og å gjera organisasjonen topp motivert for kommune- og fylkestingsvalet i 2015. Gjennom valkampen bidrog vi til at Venstre kan kjennast igjen fram mot valet. Organisatorisk har vi nokre hol å fylla med lokallag, samt å få andre til å fungera betre. Samla sett har vi mange folkevalde som representerer Venstre på utmerka vis, og som nyter stor respekt i sine kommunar. 2014 blir året kor fundamentet mot nye løft i 2015 vert lagt.

Rolf Nesheim

Rekneskap og revisorrapport kjem i eige dokument.

Val av fylkesstyre og revisorar

Valnemnda si innstilling:

Fylkesstyre 2014-15

Leiar:	Geir Kjell Andersland (Bergen)- ny
1. nestleiar:	Sverre Kleivkås (Ullensvang)- attval
2. nestleiar:	Idun Bortne (Bergen) - ny
Styremedlem:	Pia Kleppe Marken (Sund) - attval
Styremedlem:	Geir Angeltveit (Stord) - attval
Styremedlem:	Beate Eknes (Meland) - attval
Styremedlem:	Chris André Elvik (Bømlo) - ny

Varamedlemmer:

1. Marit Helen Leirheim (Askøy) - attval
2. Knut Olav R. Nestås (Voss) - attval
3. Daniel Gunnarson (Askøy) - ny
4. Ingrid Sponheim (Ulvik) - ny
5. Ingebjørg Winjum (Granvin) - attval
6. Astrid Knutsen Hårstad (Bergen) - ny
7. Kent Are Petterson (Kvinnherad) - ny

Revisorar

Kari Østervold Toft og Siri K. Hamre
Begge attval

Vedtektsendringar

Framlegg til vedtektsendring frå fylkesstyret

Gjeld representasjonsretten til sideorganisasjonane på fylkesårsmøtet. Er kome til etter oppfølging av handsaminga av vedtektene på årsmøtet i 2013.

Gjeldande formulering under § 5. Fylkesårsmøtet:

Fylkesårsmøtet er samansett av medlemmene i fylkesstyret, ein utsending frå kvart Unge Venstre-lokallag i fylket, fem utsendingar valde av Hordaland Unge Venstre, tre utsendingar valde av Hordaland Venstrekvinnelag og av utsendingar valde av Venstre sine lokallag etter følgjande reglar:

a) antal medlemmer i lokallaga:

Inntil 25 medlemmer	1 utsending
26-50 medlemmer	2 utsendinger
51-100 medlemmer	3 utsendinger
Vidare 1 utsending for kvart påbyrja 50 medlemmer	

og

b) antal røyster ved siste val som er gjennomført i fylket

Inntil 150 røyster: 1 utsending

For overskytende inntil 1900 røyster: 1 utsending pr. påbyrja 250 røyster

For overskytende inntil 7900 røyster: 1 utsending pr. påbyrja 400 røyster

vidare 1 utsending for kvar påbyrja 700 røyster

Det som er markert med kursiv i gjeldande paragraf over vert endra til:

Fylkesårsmøtet er samansett av medlemmene i fylkesstyret, utsendingar valde av Venstre sine lokallag og sideorganisasjonane etter følgjande reglar:

... (For lokallag av Venstre:) ... (inga endring)

Sideorganisasjonane sin representasjon vert basert på antal mogelege delegatar frå lokallaga totalt, slik at at sideorganisasjonane får tilsaman 15% delegatar på toppen av desse. Desse delegatane vert fordelt etter medlemstal (antal betalande medlemmer i kvar sideorganisasjon), men slik at kvar sideorganisasjon får minimum to delegatar.

Sidan styret er bedt om å kome med alternativ, leggjast óg følgjande alternativ av prosenttalet i regelen fram for årsmøtet:

a) 10 % b) 12 % c) 17 % d) 20 %

Grunngjeving:

Med eit prosenttal for representasjonsretten til sideorganisasjonane på fylkesårsmøtet vil retten avhenge av og samsvare med Venstre sin framgang/tilbakegang i fylket, ikkje vere konstant som no. Dessutan vil ein få bort den noke problematiske regelen om at lokallag i ein sideorganisasjon har direkte representasjonsrett til årsmøtet.

Døme med utgangspunkt i årsmøtet 2013:

Lokallaga i Venstre hadde etter utrekning pr. 31.12.12 rett på tilsaman 119 delegatar. Då hadde Venstrekvinnelaget rett på 3 delegatar på årsmøtet etter gjeldande reglar i vedtektene og Hordaland Unge Venstre hadde rett på 14 delegatar (5 + ein for kvart lokallag).

Om vi tek **15%** av 119 delegatar, så får sideorganisasjonane rett på 18 delegatar tilsaman.

Det er to sideorganisasjonar: Hordaland Unge Venstre og Hordaland Venstrekvinnelag.

Per 31.12.12 hadde HUV 215 betalande medlemmer, mens Venstrekvinnelaget hadde 24 betalande medlemmer.

Tilsaman har sideorganisasjonane såleis 239 medlemmer.

Dermed har Venstrekvinnelaget rett på ca. 10% av dei 18 delegatplassane, mens HUV har rett på ca. 90%.

Slik får Venstrekvinnelaget to delegatar og HUV 16 delegatar i dette dømet og med desse medlemstala.

Med **10%** andel vert det 12 delegatar og fordelinga 2 til Venstrekvinnelaget (sidan to er minimum) og 10 delegatar til HUV.

og så bortetter

Fråsegner

Sjå eige dokument

Organisasjonsdebatt

- Valkampevaluering
- Vedtak av Handlingsplan 2014-15
- Program- og nominasjonsprosessen foran fylkesvalet

Framlegg til Handlingsplan 2014-15 var ikkje klar ved utsending av sakspapira.
Vert ettersendt.

Valkamprapport med -rekneskap var ikkje klar ved utsending av sakspapira.
Vert ettersendt.

Kontingent 2015

Vedtak av Kontingent 2015

Fylkesstyret innstiller på at kontingenten for 2015 vert uendra

Det vil seie: Ordinært medlem kr 160,- og Pensjonist/student/UV medlem kr 80,-

Budsjett 2014

Framlegg til budsjett kjem i eige dokument.

Val av nominasjonsnemnd og landsmøteutsendingar

Fylkesstyret si innstilling til nominasjonsnemnd var ikkje klar ved utsending av sakspapira

Vert ettersendt.

Valgnemnda si innstilling til

Landsmøteutsendingar 2014

1. Beate Eknes (fylkesstyret)
2. Julia Kristoffersen (nestleiar Bergen V)
3. Erlend Horn (Bergen)
4. Kevin Johnsen (HUV)
5. Øydis Lebiko (BUV)
6. Kari Østervold Toft (HVKL)
7. Mona Haugland Hellesnes (fylkesvaraordførar)
8. Ingebjørg Winjum (ordførar)
9. Lars Barstad (varaordførar)
10. Kjell Audun Flåten (Askøy)
11. Kent Are Petterson (Kvinnherad)
12. Jon Sivert Rykkel (Os)
13. Per Svein Dufva (Fjell)
14. Martin Flores Strand (Odda)
15. Aashild Halland (Lindås)
16. Agnar Høysæter (Kvam)
17. Astrid Knudsen Hårstad (Bergen)
18. Jørgen Aas (Bergen)
19. Tone Bjørndal (Bergen)

Varaer:

1. Knut Olav Nestås (Voss)
2. Stina Marie Porsvoll (Askøy)
3. Sverre Kleivkås (Ullensvang/fylkesstyret)
4. Pia Kleppe Marken (Sund/fylkesstyret)
5. Birgitte Hjertaas (Askøy)
6. Glenn Erik Haugland (Os)
7. Jostein Osnes (Etne)